



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgstelefon
Torgeir Flo, 55 57 21 46

Vår dato
28.10.2013
Deres dato
03.09.2013

Vår referanse
2013/11603 421.0
Deres referanse

Miljøverndepartementet
Planavdelingen
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Statlege planretningsliner for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging Høyringsuttale

Vi viser til brev datert 03.03.2013 med melding om høyring av framlegg til ny statleg planretningsline for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging.

Fylkesmannen i Hordaland ser positivt på framlegg til ny statleg planretningsline i høve til dette. ATP-arbeidet står sentralt i Fylkesmannen si oppgåve med iverksetting av nasjonal klimapolitikk for reduksjon av klimagassar.

Eksisterande retningsline er frå 1993 og trongen for ein oppdatering til areal- og miljøvernpolitikken av i dag er stor. Vi finn at framlegget til ny planretningsline femnar godt dei endringar i statleg arealpolitikk som har funne stad, samstundes som dei sentrale tema frå eksisterande rundskriv er ivaretekne. Vi merkar oss særleg at det regionale plannivået er gitt eit sterkare fokus, og nye tema som godstransportverksemd og kjøpesenteretablering inngår. Fylkesmannen har vidare merka seg at omsynet til å sikre tilstrekkeleg bustadutbygging i storbyane er tatt inn i retningslina.

Fylkesmannen i Hordaland har, særleg i dei seinare åra, praktisert retningslina konsekvent ved offentleg ettersyn og i generell rettleiing til kommunane i Bergensregionen. Vi har såleis lagt til grunn ei viss grad av geografisk differensiering i bruken av retningslina allereie, og merkar oss at det i den nye statlege retningslina eksplisitt bli opna for ei slik tilnærming.

Vi er positive til at grunnlaget for motsegn nå er tatt inn i sjølve retningslina og kjem fram i pkt 6.7.

Når det gjeld virkeområde elles, vil vi peike på eit anna tilhøve som kunne ha vore omtala nærare i den nye retningslina, nemleg «forbodet» mot omkamp. Dette må balanserast mot prinsippet om at planar skal vere i samsvar med nasjonale interesser, sjå m.a. framlegg til endring i pbl. § 11-8 tredje ledd bokstav f i høyringsbrev av 09.09.2013 frå departementet. Dette prinsippet bør kome tydelegare fram også i planretningslina. Når vi med tilvising til retningslina stiller oss kritiske til nokre formar for utbygging av eksisterande «gule» område i kommuneplanen sin arealdel (område som har preg av å vere satellittar og/eller ligg marginalt til i høve til infrastruktur og difor klart vert bilbaserte bustadfelt), vert vi møtt med at dette har preg av omkamp. Det er avgrensa kor langt vi kan møte ein slik kritikk med at eldre planar bør miljøreviderast. Det er i tillegg tungvint om departementet må vurdere nærare kvar enkelt

plansak der denne problemstillinga dukkar opp (jfr rundskriv t-2/09 side 20-21). Vi ber difor departementet sjå nærare på dette temaet i samband med det vidare arbeidet med utforming av den statlige planretningslina og at prinsippet om miljørevisjon av planar vert tatt inn i retningslina.

I kap. 4 i retningslinja: «*Retningslinjer for...*» fyrste avsnitt siste setning saknar vi ei nærare spesifisering av kva som blir meint med omgrepet «*god regional fordeling*». Det er nærliggande å tolke god fordeling som ei fordeling som bidrar til den beste oppfyllinga av det overordna målet med retningslina – «*samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse med miljømessige ...*». Viss det er meint å legge noko meir i omgrepet «*god regional fordeling*», bør dette spesifiserast nærare.

Andre avsnittet i kap.4 blir innleidd med «*De regionale planene bør trekke....*» Vi antar at dette ikkje berre skal avgrensast til regionale planar, men også gjelde overordna kommunale arealplanar.

Fylkesmannen har merka seg omtalen av jordvernet. Vi saknar ei meir utførleg handsaming av dette temaet i retningslina. Det bør kome klårt fram under Mål i kap. 3 at jordvern også er ei viktig målsetting, både i klimasamanheng, for folkehelsa og for matproduksjon. Det er positivt at det i kap. 4 er tatt med ei langsiktig og tydeleg grense mellom utbyggingsområde og LNF. Det bør også visast til jordvern målet.

I kap. 4.9 vert det opna for å la omsynet til fortetting gå framfor normer og retningsliner for miljøkvalitet. Det bør vurderast å presisera kva som inngår i omgrepet miljøkvalitet i denne samanheng. Vi vil til dømes legge til grunn at det ikkje gjeld særleg viktig grønstruktur.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Else Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Brevet er godkjend elektronisk og har difor ingen underskrift.